

• Frimerke

Kongen over alle hobbyar



Kjøp og sal: Frimerkesamling er kanskje ein av dei mest kjende hobbyane ein kan drive med. Gjennomsnittsalderen på dei som praktiserer hobbyen er høg, men framleis er mark



Dagleg leiar: Erik Olafsen er dagleg leiar i Kjell Germeten AS. Han merkar at det dei seinare åra har blitt ein tendens at samlarar legg store summar i enkelte frimerke dei ikkje har frå før, framfor små summar på fleire kassar med mange merke som dei har frå før.

Foto: Kjell Åsmund Sunde/NPK



Motiv: Norske frimerke har mange ulike motiv. Her avdukar Solan Gundersen eit frimerke, med seg sjølv som pryd, på Theatercafeen i Oslo i 2013.

Foto: Gorm Kallestad / NTB scanpix/NPK



held stand



haden god for kjøp og sal av merke.

Foto: Kari Hamre/NPK



Samlar: Joakim Husby (13) er ung frimerkesamlar. Han synest det er synd at ikkje fleire unge samlar på frimerke. Her er han med frimerka sine og tre kameratar.

Foto: Steinar Holien

Norske frimerkesamlarar blir færre og eldre, men framleis kjem det nye samlarar til. Frimerka er ikkje berre brevporto og samleobjekt, dei kan òg fortelje noko om historia vår.

Fakta

Fakta om frimerke:

- Englendaren sir Rowland Hill (1795–1879) blir rekna som oppfinnaren av frimerket, sjølv om det truleg var andre som først hadde ideen.
- Det første, moderne frimerket blei gitt ut i Storbritannia 1. mai 1840, med profilen til dronninga som motiv.
- Det første norske frimerket blei gitt ut 1. januar 1855 og hadde det norske riksvåpenet som motiv.
- Blant dei mest kjente norske frimerka er posthornserien som berre med mindre justeringar i merkebildet er utgitt uavbrote frå 1871 og fram til i dag.

KJELDE: WIKIPEDIA

– I 1980 snakka ein om at frimerkesamling var kongen over alle hobbyar. På det meste var det om lag 150.000 samlarar. Slik er det ikkje i dag. No er det vel rundt 10.000 igjen, fortel Erik Olafsen, dagleg leiar for auksjonsfirmaet Kjell Germeten AS, til Nynorsk pressekontor.

Olafsen har jobba med kjøp og sal av frimerke i ei årrekke og har følgd samlarmiljøet tett. Han har merka ein nedgang i talet på samlarar, men trur folk vil halde fram å samle også i framtida.

– Det er ikkje ein utdøyande hobby. Eg trur det vil komme nye samlarar til, men dei nye samlarane kjem til å ha ein høg snittalder, seier han.

Snittalder på 70

Olafsen fortel at snittalderen på frimerkesamlarar truleg ligg rundt 70 år.

– Ofte er det slik at dei som samlar tek opp igjen hobbyen frå barndommen når dei når ein viss alder. Mange tar opp att hobbyen når dei er rundt 55 år. Det er veldig få samlarar under 40.

Alderen på dei som leverer frimerke til auksjonsfirmaet hans underbyggjer dette.

– Mange unge leverer samlingar til oss. Vi får inn mykje arvegods. Det skjer i større og større grad, fortel Olafsen.

Han peikar òg på at det berre er menn som samlar, men har ikkje noka konkret forklaring på kvifor.

– Det er nesten utelukkande menn som har denne hobbyen. Det er eit fåtal kvinner, men dei er verkeleg i mindretal, seier han.

Samlekulturen er endra

Olafsen viser til at ei generell endring i samlekulturen har vore med å påverke interessa for å samle på frimerke.

– Generelt har det vore ei generasjonsendring. Dei som vaks opp i etterkrigstida var vande med å samle og ta vare på alt. Den skikken er vekk no, fortel han.

For dei mest engasjerte samlarane er i dag situasjonen slik at dei fleste manglar dei same merka.

– Dei som har gode og gjennomførte samlingar manglar sort sett dei sju same merka, fortel Olafsen.

Det fører og til at det framleis er gode prisar på visse frimerke.

– Dei gode merka går for meir enn nokon gong. Medan prisen på meir vanlege merke har gått ned. Dei dårlegaste merka er nærmast umogleg å omsette i dag, seier Olafsen.

Han peikar på velstandsauken som ein årsak til det.

– Folk har så mykje pengar no at dei vil heller bruke 10.000 kroner på noko dei manglar enn 500 kroner på 6 kassar med mange merke som dei har frå før, konstaterer auksjonsfirmaleiareren.

Fortel historia vår

Opp gjennom historia har frimerka våre hatt mange forskjellige motiv. Lenge blei det praktisert strenge fargekodar på frimerke.

– Då Verdens postforeining blei stifta i 1874, blei ein samde om felles reglar for einsfarga merke. Kva farge eit merke hadde, avgjorde om det var utanlandsporto, innlandsporto eller lokalporto, seier Erik Olafsen og legg til at einsfarga merke gradvis blei erstatta med meir fargerike motiv:

– Frå 1975 ser vi endringar, men ein finn framleis ein del einsfarga merke. Utviklinga heldt gradvis fram på 80- og 90-talet, og etter år 2000 er det svært langt mellom dei einsfarga merka. I dag har det tatt heilt av med fargar.

Motiva på frimerka våre skildrar òg vår næ- ▶



Hobby

«Det er ikkje ein utdøyande hobby. Eg trur det vil komme nye samlarar til, men dei nye samlarane kjem til å ha ein høg snittalder.»

Erik Olafsen, dagleg leiar for auksjonsfirmaet Kjell Germeten AS